SØR-FRON KOMMUNE

Nun dorp 2021

Sør-Fron kommune
Kommunevegen 1
2647 SØR-FRON

| Vår ref.: | 22/12805 | Vår saksbehandlar: | Bjørn Kjellsson Sletten, Kultur og næring | Dato: | 29.06.2022 | Dykkar ref.: |
| --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- |

## Høring om foreslåtte stadnamn i Sør-Fron

I samband med at Statsforvalteren i Innlandet vil opprette eit naturreservat i Sør-Fron kommune, har Språkrådet tatt opp nannesak for stadnamna Rykkhus og Rykkhustjønna/Rykkhustjønnin.

Kartverket har da samstundes nytta høvet til å reise namnesak for nokre fleire namn som har skrivemåtestatusen 'foreslått' i Sentralt stadnamnregister (SSR). Saka blir tatt opp for å få avklart og formalisert riktig skrivemåte for offentleg bruk.

Statens kartverk sendte saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. Eigarar og festarar har rett til å uttale seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særlig tilknyting til. Du får tilsendt dette brevet fordi du står som eigar eller heimelshavar på ein eller fleire av dei eigedommane som står nemnt i lista frå Kartverket.

**Frist for uttale er 10. august 2022.**

Kartverket skriv i sitt brev at

> «Ifølge loven skal skrivemåten fastsettes med utgangspunkt i den nedarvete, lokale uttalen av navnet. Derfor ber vi om at alle som uttaler seg, opplyser hva som er den lokale dialektuttalen. Dersom navnet blir uttalt på ulike måter, ber vi om å få opplyst de forskjellige uttaleformene.»

Svar sendes til postmottak@sor-fron.kommune.no eller per post til Sør-Fron kommune, Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron. Merk sendinga med «Høring om foreslått stadnamn i Sør-Fron».

Med helsing

Bjørn Kjellsson Sletten
tenesteleiar for kultur og næring

*Godkjent elektronisk og ekspedert uten underskrift, iht interne rutiner.*

Vedlegg:
Oppstart av navnesak – Rykkhus og Rykkhustjønna/Rykkhustjønnin mfl.
Liste navnesak – Rykkhus og Rykkhustjønna/Rykkhustjønnin m.fl.

Kopi til:
Anne Holsbrekken
Grete Hølmen
Konrad Trettengen